

Kommunedelplan for Landbruk, natur og fri-
luftsliv tar vare på verdifullt landbruksareal.
Det legg til rette for auka matproduksjon og
næringsutvikling i landbruket. Å oppretthalda
kulturlandskapet og leggja til rette for fri-
luftsliv er av stor betydning.

Gardsbruket eg eig er svært lite, om lag 12 da
slåtting og 14 da beite. Det var derfor
viktig at huset me skulle byggja i 1973
ikkje la beslag på noko av dette arealet.
Huset, som eg no ynskjer å skilja ut frå
resten av eigedomen, vart plassert slike i
terrenget at svært lite av slåttinga gjekk tapt.
Tomten stongjer ikkje for turstiar.

Det er vanskeleg å geika på ulemper ved
å skilja H.v. 201 ut frå gårdsbruket.
Fordelane er betydelege. Å eiga huset er for
meg viktig. Det gjev meg tryggleik i
åra som kjem. Ein framtidig eigar av
gårdsbruket vil få eit hus mindre å
redlikehalda. Alle husa er i dag
godt redlikehalde.
Målt opp mot kvarandre, ulemper og fordelar,
er fordelane i klart fleirtal. Areal som
vart omdefinert frå landbruksareal til hus-
tomt eignar seg ikkje som slåtting.
Derfor bør det gjevast dispensasjon.

Ese 12.12.2019 Astjörn Eidsheim